

Største byggjefeltet i Uskedalen snart klart

10.05.2011



Pådrivarane bak Ospelunden kan stilla med ein stadfesta reguleringsplan. Trioen som her presenterar planen og lokkar med panoramautsikt er Kjell Yri, Oddbjørn Kroka og Knut Johannes Ripel.

Utbyggjinga av det klart største bustadfeltet i Uskedalen kan snart starta etter at eit avgjerande steg framover er teke. Det er danna eit utbyggjingsselskap der Kvinnherad Bygg og Oddbjørn Kroka kvar har halvparten av aksjane. I første omgang blir 15 einebustadtomter og 10 tomannsbustader lagt ut for sal, men det er 60 tomter i heile feltet der det frå før er 5 hus



Eit blikk oppover mot Ospelunden frå Korsnes. Vegen inn i området skal ta av frå det nye buss-skuret midt i biletet Selskapet startar no ei brei marknadsføringa av tomter og tomannsbustader.. Så blir det spennande å sjå om mange vil satsa på etablering i bygda vår eller kanskje flytte til ein plass med betre utsikt enden dei har no! Reguleringsplanen er stadfesta og klar med unnatak av ein mindre vesentleg endring som er på gang. Det står også att å utarbeida ein teknisk plan og det skal gjerast av ingeniør Egil Ulvund i Jondal, som også laga reguleringsplanen. Arbeidet med den starta for 10 år sidan og planen var klår i 2004. Om grunnen til at det har teke så lang tid før noko meir har skjedd med prosjektet seier grunneigar Kjell Yri dette:

-Uskedalen Utvikling var ein aktiv pådrivar og det var stor interesse for fleire tomter. Men ingen utbyggjar meldte seg sjølv om det vart drive ein aktiv jakt etter interesserte. Det verka kanskje som eit stort prosjekt å gå laus på. Men det mangla ikkje aktive marknadsføringstiltak og vi gjekk breitt ut i media. No er situasjonen ein heilt annan og positiv ettersom vi har fått Kvinnherad Bygg og Oddbjørn Kroka med på laget.

Tomannsbustadane blir selde som ferdige hus, men det blir streka under at det ikkje blir bygt noko før ein avtale er klar, kanskje med unntak av eitt hus. Det er viktig å streka underat dei som vil satsa i Ospelunden ikkje må satsa på ein bestemt husmodell, men kan velja fritt.

Så langt har pådrivarane for prosjektet registrert ein positiv haldning til det både i kommunen og blant folk flest og dei har hatt kontakt med fleire som kan tenkje seg ein framtid i Ospelunden.

Kva er det så som bør lokka husbyggjarar dit?

Utsikten er eit viktig argument, Frå Ospelunden er det ein fantastisk panoramautsikt mot fjorden med Skorpo og Tysnes sentralt i biletet.

I bakkant av bustadfeltet er det eit stinett som fører ein rett til fjells og det er gang- og sykkelveg til sentrum og også lett å komma til badestranda i Gulvikjo. Kryssinga av fylkesvegen bør bli mindre

fårefull og Korsnes Vel arbeider med saka.

Når det gjeld adkomsten til det nye bustadfeltet frå fylkesvegen vil den skje via ein ny veg like ved det nyreiste buss-skuret. Her er det god oversikt i motsetnad til kva som er tilfelle med den noverande adkomsten.

Dette er Ospelunden

- * 100 dekar stort bustadområde, 600 meter langt og 250 meter breitt.
- * Ligg i lett skrånande terreng i lia ovanfor fylkesvegen, vis a vis Korsnes.
- * Ospelunden er det gamle namnet på området, men det er lite osp att.
- * Størrelsen på tomtane varierar mellom 1 og 1,8 dekar med eit snitt på 1,2.
- * Grunneigarar er Helge Rød, Hjørdis Nilsen Holgersen, Neset Sameige (Dag Hermansen, Trygve Harald Hermansen og Mariann Pedersen), Åse Myklebust, Kjell Yri og Eldbjørg Sivertsvoll.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Dette er den stadfesta reguleringsplanen for Ospelunden